



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Heradsstyret
Møtedato:	06.12.2023
Møtetid:	09:00 - -15:00
Møtestad:	Lonevåg, rådhuset- Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Lars Fjeldstad	ordfører	SP
Alexander Thunestvedt	varaordfører	AP
Turid Bjørndal Njåstad	medlem	SP
Helge Valestrand Edvardsdal	medlem	SP
Gerd Karin Njaastad	medlem	SP
Johannes Haugland	medlem	SP
Janne Daltveit Tveit	medlem	SP
Frode Flesland	medlem	SP
Herdis Helle	medlem	AP
Ann Kristin Borge	medlem	AP
Geir Olsen	medlem	AP
Jarle Skeidsvoll	medlem	KRF
Bjarte Hammer Aarland	medlem	KRF
Roy Håkon Jenssen	medlem	SV
Sigmund Arve Faugstad	medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	medlem	FRP
Ruben Nielsen	medlem	FRP
Sebastian Andre Haugland	medlem	H
Johannes O Borge	medlem	H
Aksel Mjøs	medlem	H

Roald Waldemar Martinsen	medlem	H
Renathe Tangen	medlem	V
Roy Husebø	medlem	INP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Helene Oppedal Flølo	medlem	FRP
Kim Andre Hartveit	medlem	FRP
Kurt Ove Øksnes	medlem	FRP
Trygve Tønnessen	medlem	INP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Ann Helen Solberg	Kim Andre Hartveit	FRP
Ingunn Vedå	Helene Oppedal Flølo	FRP
Stian Torp	Trygve Tønnessen	INP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektøren, kommunalsjef for samfunnsutvikling og politisk-adm. Sekretariat.

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Runar Ludvigsen

Møtesekretær

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 121/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 122/23	Godkjenning av møtebok
PS 123/23	Referatsaker og meldinger
RS 7/23	Orientering om tilskotssatsar 2024 til private barnehagar - Drifts- og kapitaltilskot 2024
RS 8/23	Orientering om overgang til sjølvbetjent butikk - Mjøsvågen landhandleri
PS 124/23	Førespurnad om busetting av flyktningar 2024
PS 125/23	Eigedomsskatt - prinsipiell avklaring knytt til eigedomskattelova §7a for perioden 2023-2027
PS 126/23	Budsjett 2024 og Økonomiplan 2024-2027
PS 127/23	Forskrift om godtgjersle for politiske verv for valperioden 2023 - 2027
PS 128/23	1. gong handsaming Detaljregulering Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003
PS 129/23	Vedtak av Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland
PS 130/23	Forlenging av Kommunedelplan for Oppvekst
PS 131/23	Praktisk gjennomføring av politiske møter for periode 2023-2027
PS 132/23	Inkludering av barn og unge
PS 133/23	Val av representant til ungdomsrådet for perioden 2023-2027
PS 134/23	Andre saker/spørsmål/interpellasjoner
PS 135/23	Tertialrapport - 2. tertial 2023

Lars Fjeldstad

ordfører

PS 121/23 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Sigmund Faugstad, FRP, varsla spørsmål til slutten av møte om B.Ø.L. på Bruvik.

Det var elles ingen merknader til innkalling og saksliste.

Innstilling frå kommunedirektøren

Innkalling og saksliste vert godkjend

Votering

Framlegget vert samrøystes vedteke

Nytt framlegg frå Ordførar Lars Fjeldstad (SP)

Det vert innført taletid. 5 min opning, 3 min innlegg og 1 min replikk

Sak 135 vert flytta opp etter sak 125

Votering

Framlegget vert samrøystes vedteke

Nytt framlegg frå Aksel Mjøs (H)

Sak 127/23 om godtgjerdse vert teke rett før budsjett og økonomisaka.

Votering

Framlegget vert samrøystes vedtek

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

Innkalling og saksliste vert godkjend med slike endringer:

Sak 127/23 om godtgjerdse vert teke rett før budsjett og økonomisaka.

Sak 135 vert flytta opp etter sak 125

Det vert innført taletid. 5 min opning, 3 min innlegg og 1 min replikk

PS 122/23 Godkjenning av møtebok

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Det var ingen merknader til møtebok

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

Møteprotokoll frå 29.11.2023 vert godkjend

PS 123/23 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Jarle Skeidsvoll hadde merknad til referatsakene.
Ordføraren svarte.

Det var elles ingen merknader til referatsakene.

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

Referatsakene vert teken til vitande

PS 124/23 Førespurnad om busetting av flyktningar 2024

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Innstilling frå formannskapet

Osterøy kommune buset 65 flyktningar i 2024

Saka går vidare til heradsstyret og formannskapet ber heradsstyret å inndra fullmakt til handsaming av saker rundt mottak av flyktningar.

Osterøy kommune merkar seg at presset rundt bolig og kommunale tenester begynner å verte stort og ber regjeringa snarleg ta grep og styrka ordningar og finansiering for mottak av flyktningar.

Votering

Totalt 19 røyster for, 7 røyster mot.

Røysta for (parti): SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), KrF (2 røyster), V (1 røyst), SV (1 røyst)

Røysta mot (parti): FrP (5 røyster), INP (2 røyster)

Nytt framlegg frå Bjarte Hammer Aarland (KrF)

Heradstyret ber om å få ei oversikt over tal flyktningar Osterøy kommune har busett dei siste tre åra, samt ei oversikt over tal busette flyktningar i høve til innbyggartal, samanlikna med andre kommunar

Votering

Framlegget vert samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

Osterøy kommune buset 65 flyktningar i 2024

Saka går vidare til heradsstyret og formannskapet ber heradsstyret å inndra fullmakt til handsaming av saker rundt mottak av flyktningar.

Osterøy kommune merkar seg at presset rundt bolig og kommunale tenester begynner å verte stort og ber regjeringa snarleg ta grep og styrka ordningar og finansiering for mottak av flyktningar.

Heradstyret ber om å få ei oversikt over tal flyktningar Osterøy kommune har busett dei siste 10 åra, samt ei oversikt over tal busette flyktningar i høve til innbyggartal, samanlikna med andre kommunar

PS 125/23 Eigedomsskatt - prinsipiell avklaring knytt til eigedomsskattelova §7a for perioden 2023-2027

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Innstilling frå formannskapet

Av økonomiske årsaker vert det ikkje gjeve fritak for eigedomsskatt for private skular, VGS (den fylkeskommunale skulen) og private barnehagar i kommunen.

Det vert heller ikkje gjeve fritak for andre fylkeskommunale eigedomar.

Andre foreiningar, lag og stiftingar som driv religiøs-/livssynsmessig, humanitær, idrettsleg og kulturell ikkje-kommersiell arbeid i kommunen vert gjeve fritak, jf. eigedomsskattelova § 7 bokstav a.

Saka vert handsama på nytt før første budsjett i neste valperiode 2027-2031.

Votering

Framlegget vert samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

Av økonomiske årsaker vert det ikkje gjeve fritak for eigedomsskatt for private skular, VGS (den fylkeskommunale skulen) og private barnehagar i kommunen.

Det vert heller ikkje gjeve fritak for andre fylkeskommunale eigedomar.

Andre foreiningar, lag og stiftingar som driv religiøs-/livssynsmessig, humanitær, idrettsleg og kulturell ikkje-kommersiell arbeid i kommunen vert gjeve fritak, jf. eigedomsskattelova § 7 bokstav a.

Saka vert handsama på nytt før første budsjett i neste valperiode 2027-2031.

PS 126/23 Budsjett 2024 og Økonomiplan 2024-2027

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Endringsframlegg frå Ragnar J Tyssebotn (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP)

Framlegg til endring av gebyrsatsar frå FRP og INP

Gebyrsats for vatn og avlaup som er føreslege justert med 40% vert i staden justert med 10% for rekneskapsåret 2024. Inndekninga for dette vert å ta inn med korrigerert avskrivingsperiode og eventuelt basert på underskot for året.

Mange opplever at økonomien er pressa for tida, og det vert for mykje mange hushaldningar å ta eit slikt hopp for neste år. Difor må det setjast inn tiltak som gjer at ein auke kjem over lenger tid.

Votering

Totalt 8 røyster for, 18 røyster mot.

Røysta for (parti): FrP (5 røyster), INP (2 røyster), H (1 røyst: Martinsen)

Røysta mot (parti): SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (3 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst), V (1 røyst)

Endringsframlegg frå Ragnar J Tyssebotn (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP)

Framlegg til endring av driftsbudsjettet:

1,4 assistentstilling, samt 0,4 stilling som akuttklinisksjukepleier økes til 2 fulle assistentstilling og 1 full akuttklinisksjukepleier. Midlene justeres fra administrasjon og stab.

Votering

Totalt 7 røyster for, 19 røyster mot.

Røysta for (parti): FrP (5 røyster), INP (2 røyster)

Røysta mot (parti): SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst), V (1 røyst)

Endringsframlegg frå Ragnar J Tyssebotn (FrP), Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP)

Vi legger inn forslag om at Kommunedirektøren går ned 20% lønn , og at stabs budsjett blir justert deretter.

Det vil frigjøre midler til mer trengende sektorer.

Votering

Totalt 7 røyster for, 19 røyster mot.

Røysta for (parti): FrP (5 røyster), INP (2 røyster)

Røysta mot (parti): SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), KrF (2 røyster), SV (1

røyst), V (1 røyst)

Tilleggsframlegg frå Renathe Tangen (V)

Venstre ønsker et prøveprosjekt i 2024 med én økt stilling i én barnehage i ett år. For å se om dette kan bidra til en reduksjon av et allerede høyt sykefravær. Dette vil koste ca.500.000 kr, som tas fra disposisjonsfondet.

Votering

Totalt 8 røyster for, 18 røyster mot.

Røysta for (parti): FrP (5 røyster), INP (2 røyster), V (1 røyst)

Røysta mot (parti): SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst)

Tilleggsframlegg frå Johannes O Borge (H)

Osterøy utvikling vert tilført 1.000.000,- i kapitalinnskott, der ~600' er frå reduserte utgifter til politisk godtgjersle, og resten henta frå disposisjonsfondet.

Dette er ei oppfølging av budsjettvedtaket i heradsstyremøte 9. desember 2020, tilleggspunkt 3: Det vert løyvd ein million kroner til satsing på næringsutvikling kvart år i økonomiplanen. [...] For resten av økonomiplanperioden vert dette å dekkja ved å trekkje ned ramma for kvar sektor, fordelt forholdsmessig etter totalramma til sektorane.

Votering

Totalt 12 røyster for, 14 røyster mot.

Røysta for (parti): FrP (5 røyster), H (4 røyster), INP (2 røyster), V (1 røyst)

Røysta mot (parti): SP (7 røyster), AP (4 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst)

Tilleggsframlegg frå Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H)

Osterøy kommune søker medlemskap i Kulturverntenesta i Nordhordland. Medlemsavgifta på mellom 85.000,- og 90.000,- vert å dekkja frå ramma til sektor for samfunnsutvikling.

Grunngjeving:

I kommunen sitt førebuande arbeid med Kulturminneplanen og framtidig forvaltning av kulturskattar er tent med å ha tilgang til spissa fagleg kompetanse og rådgjeving. Andre medlemmer er Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen, som er kommunar med kulturarv som liknar Osterøy sin. Medlemskap i Kulturverntenesta i Nordhordland er ei rimeleg løysing for å skaffa seg tilgang til slik kompetanse: Både Osterøy kommune og private eigarar av freda og verneverdige bygg vil med medlemskapen ha gratis tilgang til råd om bygningsvern og kulturarv, og hjelp med prosjektsøknader.

Votering

Totalt 11 røyster for, 15 røyster mot.

Røysta for (parti): FrP (5 røyster), H (4 røyster), V (1 røyst), AP (1 røyst: Helle)

Røysta mot (parti): SP (7 røyster), AP (3 røyster), INP (2 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst)

Endringsframlegg frå Ragnar J Tyssebotn (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP)

Framlegg til endring av investeringsbudsjettet frå FRP og INP:

Det vert sett av kroner 2 000 000 NOK til oppstart av prosjekt med å skaffe fleire kommunale bustader. Administrasjonen kjem tilbake til Heradstyret med sak når denne er klar. Bygga skal byggast i eigna standard og løysing for å kunne nyttast som kommunale utleigeeiningar for både flyktningar og kommunale leigetakarar. Midlane vert dekkja gjennom utviding av investeringsramme.

Voting

Totalt 9 røyster for, 17 røyster mot.

Røysta for (parti): FrP (5 røyster), INP (2 røyster), V (1 røyst), H (1 røyst: Mjøs)

Røysta mot (parti): SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (3 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst)

Endringsframlegg frå Ragnar J Tyssebotn (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP)

Framlegg til endring av investeringsbudsjettet frå FRP og INP:

Det vert sett av 5 000 000 NOK til Osterøy ungdomsskole i istedenfor 20 000 000 NOK, da det kun er kommet merknader om utbedring av toalett. Foreslått sum skal være mer en nok til å utbedre dagens merknader betraktelig m.m.

Andre eventuelle utbedringer kan bevilges mer midler til i revidert budsjett i juni, da det da er kommet på plass detaljerte beskrivelser og skisser over hva som må og er en nødvendighet å gjøre. Ramma for investering vert justert tilsvarende.

Voting

Totalt 7 røyster for, 19 røyster mot.

Røysta for (parti): FrP (5 røyster), INP (2 røyster)

Røysta mot (parti): SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst), V (1 røyst)

Tilleggsframlegg frå Ragnar J Tyssebotn (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP)

Framlegg til tilleggsforslag av investeringsbudsjettet frå FRP og INP:

Det vert ført opp sovehus til barna i Lonevåg og Haus barnehage. Ramma for investering vert justert tilsvarende.

Voting

Totalt 9 røyster for, 17 røyster mot.

Røysta for (parti): FrP (5 røyster), INP (2 røyster), V (1 røyst), H (1 røyst: Haugland)

Røysta mot (parti): SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (3 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst)

Nytt framlegg frå Roy Håkon Jenssen (SV), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Alexander Thunestvedt (AP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Endringar i driftsbudsjett på vegne av SP, AP, KrF, SV:

Kutt: Kommunedirektør og Stabseksjonar: 600 000 kr

Spesifisering: Reduksjon av politikargodtgjerelse, sjå eige vedtak i PS 127/23

Påplussing:

Oppvekst, undervisning og kultur: 440 000 kr

Spesifisering:

Reversing av framlegg på kutt på ferievikar og overtid i barnehage (330 000 kr)

Reduksjon av kutt på kompetanseutvikling i barnehage frå 286 000 til 186 000 (100 000 kr)

Midlar til Ungdomsmøte som beskrive i uttale frå Ungdomsrådet (10 000)

JobbMot: 160 000 kr

Osterøy kommune sin kontingent på deltaking i JobbMot-programmet. Kommunedirektør får fullmakt til å plassere budsjettposten i den sektoren og eininga ein finn det mest føremålstjeneleg.

Voting

Totalt 18 røyster for, 8 røyster mot.

Røysta for (parti): SP (7 røyster), AP (4 røyster), KrF (2 røyster), INP (2 røyster), SV (1 røyst), V (1 røyst), H (1 stemme)

Røysta mot (parti): FrP (5 røyster), H (3 røyster)

Røysta for personer: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Johannes O Borge (H), Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Roy Håkon Jenssen (SV), Renathe Tangen (V)

Stemte mot personer: Ann Helen Solberg (FrP), Ingunn Vedå (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H)

Nytt framlegg frå Roy Håkon Jenssen (SV), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Alexander Thunestvedt (AP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Endring av investeringsbudsjett frå Sp, Ap, KrF og SV:

Investering:

Ny post: Skisseprosjekt Bruvik Skule 300 000 kr

Finansiert med auka låneramme

Voting

Totalt 21 røyster for, 5 røyster mot.

Stemte for (parti): SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), KrF (2 røyster), INP (2

røyster), SV (1 røyst), V (1 røyst)
Stemte mot (parti): FrP (5 røyster)

Tilleggsframlegg frå Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H)

Verbalt framlegg:

Kommunedirektøren kjem tilbake med ein sak, der heradsstyre kan ta stilling til om Osterøy kommune skal søke medlemskap i Kulturverntenesta i Nordhordland.

Voting

Framlegget vert samrøystes vedteke

Nytt framlegg frå Roy Håkon Jenssen (SV), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Alexander Thunestvedt (AP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Verbalpunkt frå Sp, Ap, KrF, SV

Heradsstyret sett seg ved dette eit overordna mål om at kommunen skal oppfylle KS si norm når det gjeld tal lærlingeplassar som er tilgjengeleg i kommunen sin organisasjon.

Heradsstyret ber difor kommunedirektøren synleggjera kva prioriteringar som kan gjerast for å oppnå dette fram mot budsjett for 2025.

Heradsstyret bed og konkret om at kommunedirektøren greier ut og legg fram ei sak om tilknytting til Nordhordland Opplæringskontor og korleis dette kan påverke arbeidet med lærlingar i kommunen ila 2024.

Voting

Totalt 24 røyster for, 2 røyster mot.

Røysta for (parti): SP (7 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), FrP (3 røyster), KrF (2 røyster), INP (2 røyster), SV (1 røyst), V (1 røyst)

Røysta mot (parti): FrP (2 røyster)

Røysta mot personer: Ann Helen Solberg (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP)

Innstilling frå formannskapet

Budsjett for 2024, økonomiplan 2024-2027 samt investeringsplan 2024-2027 vert vedteke på grunnlag av kommunedirektøren si saksutgreiing til formannskapet inkl. budsjettokument og hovudoversikter, og med slike driftsrammer for 2024:

(Tal i tabell er oppgitt i 1000. Døme: 564.963.000 (564 millionar)=564.963)

Midlar til fordeling

564 963

Rådmannen/stabsseksjonar	50 303
Oppvekst, undervisning og kultur	219 105
Helse, omsorg og sosial	256 877
Samfunnsutvikling (inkl sjølvkost)	44 919
Sum inkl sjølvkost	571 204
-----	-
Sentrale postar	(17 056)
Lønsreserve	10 800
Sum skjema 1B	564 948
-----	-
Meir-/mindreforbruk	15

1. Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar og vederlag vert auka med 5 % frå 01.01.24 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.

2. Med verknad frå 01.01.2024 vert gebyr- og avgiftssatsane innan dei tekniske tenestene vatn, avlaup, slam, og feiing (sjølvkost) endra/fastsett i tråd med vedlagte dokument: «Framlegg til gebyrregulativ Tekniske tenester 2024»

3. Gebyrsatsane for tekniske forvaltningstenester vert fastsett frå 1.1.24 i tråd med vedlagte dokument: «Gebyrregulativ 2024 Plan-teknisk forvaltning - framlegg» med heimel i plan og bygningslova §33-1.

4. Renovasjonsgebyr:

a. Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jf. § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhører Osterøy Kommune.

b. Prisen på renovasjonstenesta for 2024 vert auka med 5,0 %, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra. Kommunal påslag vert sett til kr 10,- for 2024 .

c. Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Prismatrise renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2024.

5. Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris).

6. Betalingssatsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik frå 1.august 2024:

a. Korttidsplass Mindre enn 9 timar veke kr. 2 100 (økt med 5 %)

b. Halvplass 10-14 timar veke kr. 2 520 (økt med 5 %)

c. Heil plass Meir enn 15 timar veke kr. 3 045 (økt med 5 %)

d. 12 timars gratis tilbod 1.klasse kr. 0,-

e. 13 timar eller meir 1.klasse kr. 1 050,- (økt med 5 %)

f. Dagsats kr. 420,- (økt med 5%)

g. Sats enkelttimar kr. 105,- (økt med 5%)

h. Gebyr ved sein henting kr. 315,- (økt med 5 %)

7. Brukarbetaling for kulturskulen vert sett til kr 4 750,- pr år (ca. 5 % auke).

8. Fribeløp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester vert fastsett i samsvar med I-rundskriv for 2024 frå helse- og omsorgsdepartementet.

9. Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarande endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.

10. Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2024 vert kr. 75,7 millionar, herav sjølvkostlån kr 24,05 millionar.

11. Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 15 millionar.

12. Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna kommunedirektøren finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

13. Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2024:

a. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).

b. Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jf. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.

c. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.

d. Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre

e. Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jf. paragraf 20 i eigedomsskattelova.

14. Saker som kan medføra endring av dei vedtekne budsjettrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.

15. Kommunedirektøren har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.

16. Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.

17. Budsjetttramma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 5,695 millionar inkl. kommunal tenesteyting.

18. Budsjettforslaget for kontrollutalvet vert kr. 1 839 500,-

Votering

Totalt 17 røyster for, 9 røyster mot.

Røysta for (parti): SP (7 røyster), AP (4 røyster), KrF (2 røyster), H (2 røyster), SV (1 røyst), V (1 røyst)

Røysta mot (parti): FrP (5 røyster), INP (2 røyster), H (2 røyster: Martinsen og Haugland)

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

Budsjett for 2024, økonomiplan 2024-2027 samt investeringsplan 2024-2027 vert vedteke på grunnlag av kommunedirektøren si saksutgreiing til formannskapet inkl. budsjetttdokument og hovudoversikter, og med slike driftsrammer for 2024:

(Tal i tabell er oppgitt i 1000. Døme: 564.963.000 (564 millionar)=564.963)

Midlar til fordeling	564 963
Rådmannen/stabsseksjonar	50 303
Oppvekst, undervisning og kultur	219 105
Helse, omsorg og sosial	256 877
Samfunnsutvikling (inkl sjølvkost)	44 919
Sum inkl sjølvkost	571 204
-----	-
Sentrale postar	(17 056)
Lønsreserve	10 800
Sum skjema 1B	564 948

1. Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar og vederlag vert auka med 5 % frå 01.01.24 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.
2. Med verknad frå 01.01.2024 vert gebyr- og avgiftssatsane innan dei tekniske tenestene vatn, avlaup, slam, og feiing (sjølvkost) endra/fastsett i tråd med vedlagte dokument: «Framlegg til gebyrregulativ Tekniske tenester 2024»
3. Gebyrsatsane for tekniske forvaltningstenester vert fastsett frå 1.1.24 i tråd med vedlagte dokument: «Gebyrregulativ 2024 Plan-teknisk forvaltning - framlegg» med heimel i plan og bygningslova §33-1.
4. Renovasjonsgebyr:
 - a. Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jf. § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhører Osterøy Kommune.
 - b. Prisen på renovasjonstenesta for 2024 vert auka med 5,0 %, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra. Kommunal påslag vert sett til kr 10,- for 2024 .
 - c. Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Prismatrise renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2024.
5. Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris).
6. Betalingssatsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik frå 1.august 2024:
 - a. Korttidsplass Mindre enn 9 timar veke kr. 2 100 (økt med 5 %)
 - b. Halvplass 10-14 timar veke kr. 2 520 (økt med 5 %)
 - c. Heil plass Meir enn 15 timar veke kr. 3 045 (økt med 5 %)
 - d. 12 timars gratis tilbod 1.klasse kr. 0,-
 - e. 13 timar eller meir 1.klasse kr. 1 050,- (økt med 5 %)
 - f. Dagsats kr. 420,- (økt med 5%)
 - g. Sats enkelttimar kr. 105,- (økt med 5%)
 - h. Gebyr ved sein henting kr. 315,-(økt med 5 %)
7. Brukarbetaling for kulturskulen vert sett til kr 4 750,- pr år (ca. 5 % auke).

8. Fribeløp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester vert fastsett i samsvar med I-rundskriv for 2024 frå helse- og omsorgsdepartementet.

9. Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarende endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.

10. Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2024 vert kr. 75,7 millionar, herav sjølvkostlån kr 24,05 millionar.

11. Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 15 millionar.

12. Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna kommunedirektøren finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

13. Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2024:

a. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).

b. Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jf. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.

c. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.

d. Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre

e. Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jf. paragraf 20 i eigedomsskattelova.

14. Saker som kan medføre endring av dei vedtekne budsjettrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.

15. Kommunedirektøren har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.

16. Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.

17. Budsjettramma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 5,695 millionar inkl. kommunal tenesteyting.

18. Budsjettforslaget for kontrollutalvet vert kr. 1 839 500,-

Endringar i driftsbudsjett på vegne av SP, AP, KrF, SV:

Kutt: Kommunedirektør og Stabseksjonar: 600 000 kr

Spesifisering: Reduksjon av politikargodtgjerdelse, sjå eige vedtak i PS 127/23

Påplussing:**Oppvekst, undervisning og kultur: 440 000 kr**

Spesifisering:

Reversing av framlegg på kutt på ferievikar og overtid i barnehage (330 000 kr)

Reduksjon av kutt på kompetanseutvikling i barnehage frå 286 000 til 186 000 (100 000 kr)

Midlar til Ungdomsmøte som beskrive i uttale frå Ungdomsrådet (10 000)

JobbMot: 160 000 kr

Osterøy kommune sin kontingent på deltaking i JobbMot-programmet. Kommunedirektør får fullmakt til å plassere budsjettposten i den sektoren og eininga ein finn det mest føremålstjeneleg.

Endring av investeringsbudsjett frå Sp, Ap, KrF og SV:

Investering:

Ny post: Skisseprosjekt Bruvik Skule 300 000 kr

Verbalpunkt frå Sp, Ap, KrF, SV

Heradsstyret sett seg ved dette eit overordna mål om at kommunen skal oppfylle KS si norm når det gjeld tal lærlingeplassar som er tilgjengeleg i kommunen sin organisasjon.

Heradsstyret ber difor kommunedirektøren synleggjera kva prioriteringar som kan gjerast for å oppnå dette fram mot budsjett for 2025.

Heradsstyret bed og konkret om at kommunedirektøren greier ut og legg fram ei sak om tilknytting til Nordhordland Opplæringskontor og korleis dette kan påverke arbeidet med lærlingar i kommunen ila 2024

Verbalt framlegg frå Høgre:

Kommunedirektøren kjem tilbake med ein sak, der heradsstyre kan ta stilling til om Osterøy kommune skal søke medlemskap i Kulturverntenesta i Nordhordland

PS 127/23 Forskrift om godtgjersle for politiske verv for valperioden 2023 - 2027

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Endringsframlegg frå Ragnar J Tyssebotn (FrP), Roy Husebø (INP)

Ordfører går ned til 70% av Stortingsrepresentant lønn

Voting

Totalt 7 røyster for, 19 røyster mot.

Røysta for (parti): FrP (5 røyster), INP (2 røyster)

Røysta mot (parti): SP (7 røyster), H (4 røyster), AP (4 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst), V (1 røyst)

Nytt framlegg frå Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H)

85% av STR for ordfører

8% varaordfører

3% formannskap

2% heradsstyre

1.5% plan/kontroll/levekår medlem

3% plan/kontroll/levekår leder

Kommunedirektøren får fullmakt til å føre satsene inn i forskrifta

Voting

Totalt 11 røyster for, 15 røyster mot.

Røysta for partier: H (4 røyster), FrP (4 røyster), INP (2 røyster), V (1 røyst)

Røysta mot partier: SP (7 røyster), AP (4 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst), FrP (1 røyst, Vedå)

Nytt framlegg frå Roy Håkon Jenssen (SV), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Alexander Thunestvedt (AP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Heradsstyret ynskjer eit oppdatert reglement på tappt arbeidsforteneste og ber kommunedirektøren komme attende med sak med tilrådingar til heradsstyret til neste år.

Voting

Framlegget vert samrøystes vedteke

Nytt framlegg frå Roy Håkon Jenssen (SV), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Alexander Thunestvedt (AP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Framlegg frå Sp, Ap, KrF og SV:
90% av STR for ordfører
Resten av satsene er prosent av ordførar
15% varaordfører
3% formannskap
2% heradsstyre
1.5% plan/kontroll/levekår medlem
3% plan/kontroll/levekår leder

Kommunedirektøren får fullmakt til å føre satsene inn i forskrifta

Voting

Totalt 14 røyster for, 12 røyster mot.

Røysta for (parti): SP (7 røyster), AP (4 røyster), KrF (2 røyster), SV (1 røyst)

Røysta mot (parti): FrP (5 røyster), H (4 røyster), INP (2 røyster), V (1 røyst)

Innstilling frå heradsstyret 2019-2023 i møte 10.05.2023

Ordførar 90% av SR
Varaordførar 15% av ordførar
Formannskapet 5% av ordførar
Heradstyre, Planutval, kontrollutval 3% av ordførar
Leiar Plan-/kontrollutval 8% av ordførar
Andre utval som vert bestemt politisk får godgjersla pr. møte med 0,075% for medlemmar og 0,12% for leiar.

Voting

Framlegget vert ikkje votert over

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

90% av STR for ordfører

Resten av satsene er prosent av ordførar

15% varaordfører

3% formannskap

2% heradsstyre

1.5% plan/kontroll/levekår medlem

3% plan/kontroll/levekår leder

Kommunedirektøren får fullmakt til å føre satsene inn i forskrifta

Heradsstyret ynskjer eit oppdatert reglement på tapt arbeidsforteneste og ber kommunedirektøren komme attende med sak med tilrådingar til heradsstyret til neste år.

PS 128/23 1. gong handsaming Detaljregulering Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Innstilling frå plan- og kommunalteknisk utval

Forslag til reguleringsplan for Øvre klubbelia planID 4630_2021003 med plankart datert 04.09.23, føresegn datert 05.09.23, planskildding datert 04.09.23 - med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 12-10. Før planen vert lagt ut til høyring må følgjande rettast: Det må lagast ei føresegn som krev at det vert gjort nødvendige tiltak m.o.t. overflatevatn etterat feltet er bygd ut. Utvalet er oppteken av at massehandteringa i planen er fullt ut i samsvar med krava til massehandtering i kommunen sin samfunnsplan, side 24.

Votering

Framlegget vert samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

Forslag til reguleringsplan for Øvre klubbelia planID 4630_2021003 med plankart datert 04.09.23, føresegn datert 05.09.23, planskildding datert 04.09.23 - med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 12-10.

Før planen vert lagt ut til høyring må følgjande rettast: Det må lagast ei føresegn som krev at det vert gjort nødvendige tiltak m.o.t. overflatevatn etterat feltet er bygd ut. Utvalet er oppteken av at massehandteringa i planen er fullt ut i samsvar med krava til massehandtering i kommunen sin samfunnsplan, side 24.

PS 129/23 Vedtak av Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Tilleggsframlegg frå Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H)

Heradsstyret er særst urova over spreiding av lakselus som skjer i våre fjordar. Heradsstyre ber ordføraren aktivt arbeida for at ein finn effektive tiltak for å unngå dei alvorlege negative konsekvensane lakselusa har på villaksstammene i området.

Voting

Framlegget vert samrøystes vedteke

Innstilling frå kommunedirektøren

Osterøy kommune vedtek Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, PlanID 4630 2021005. Oppdaterte plandokument som planskildding, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag er lagt ved i saka (03.10.2023) Grunngevinga for vedtaket er vist i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven §§ 9-3 og 11-15.

Voting

Framlegget vert samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

Osterøy kommune vedtek Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, PlanID 4630 2021005.

Oppdaterte plandokument som planskildding, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag er lagt ved i saka (03.10.2023)

Grunngevinga for vedtaket er vist i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven §§ 9-3 og 11-15.

Heradsstyret er særst urova over spreiding av lakselus som skjer i våre fjordar. Heradsstyre ber ordføraren aktivt arbeida for at ein finn effektive tiltak for å unngå dei alvorlege negative konsekvensane lakselusa har på villaksstammene i området.

PS 130/23 Forlenging av Kommunedelplan for Oppvekst

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Nytt framlegg frå Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF)

Gjeldande periode for Kommunedelplan oppvekst vert forlenga til etter at ny planstrategi er vedteken.

Votering

Framlegget vert samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

Gjeldande periode for Kommunedelplan oppvekst vert forlenga til etter at ny planstrategi er vedteken.

PS 131/23 Praktisk gjennomføring av politiske møter for periode 2023-2027

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Innstilling frå formannskapet

Med verknad frå 01.07.24 - Heradsstyret får møtedag torsdag.

Med verknad frå 01.01.24

- Møtetidspunkt for heradsstyremøta vert 13 – 19
- Møtetidspunkt for formannskap og utval vert 13 – 17
- Budjettseminar for heradsstyret på dagtid frå kl 09 i september kvart år.
- Taletid vert innført i alle heradsstyremøter: Innlegg 3 minutt, replikk 1 minutt. Kvart parti får 5 minutt opningsinnlegg.
- Heradsstyret kan ved fleirtal fråvika standard taletid i større saker som t.d. budsjett då kvart parti t.d. kan få eit lenger opningsinnlegg.

Voting

Totalt 12 røyster for, 14 røyster mot.

Røysta for (parti): SP (6 røyster), AP (4 røyster), V (1 røyst), SV (1 røyst)

Røysta mot (parti): FrP (5 røyster), H (4 røyster), KrF (2 røyster), INP (2 røyster), SP (1 røyst: Flesland)

Endringsframlegg frå Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H)

Endring: Møtetidspunkt for heradsstyremøta vert 16 – 22

Voting

Totalt 14 røyster for, 12 røyster mot.

Røysta for (parti): FrP (5 røyster), H (4 røyster), KrF (2 røyster), INP (2 røyster), SP (1 røyst: Flesland)

Røysta mot (parti): SP (6 røyster), AP (4 røyster), V (1 røyst), SV (1 røyst)

Nytt framlegg frå Ordførar Lars Fjeldstad (SP)

Saka kjem oppatt til handsaming om eit år for evaluering

Voting

Totalt 18 røyster for, 8 røyster mot.

Røysta for (parti): SP (4 røyster), AP (4 røyster), H (4 røyster), KrF (2 røyster), FrP (2 røyster), SV (1 røyst), V (1 røyst)

Røysta mot (parti): SP (3 røyster), FrP (3 røyster), INP (2 røyster)

Røysta for personer: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Ordførar Lars

Fjeldstad (SP), Roy Håkon Jenssen (SV), Renathe Tangen (V)

Røysta mot personer: Ingunn Vedå (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

Med verknad frå 01.07.24

- Heradsstyret får møtedag torsdag.

Med verknad frå 01.01.24

- Møtetidspunkt for heradsstyremøta vert 16-22

- Møtetidspunkt for formannskap og utval vert 13 – 17

- Budsjettseminar for heradsstyret på dagtid frå kl 09 i september kvart år.

- Taletid vert innført i alle heradsstyremøter: Innlegg 3 minutt, replikk 1 minutt. Kvart parti får 5 minutt opningsinnlegg.

- Heradsstyret kan ved fleirtal fråvika standard taletid i større saker som t.d. budsjett då kvart parti t.d. kan få eit lenger opningsinnlegg.

Saka kjem oppatt til handsaming om eit år for evaluering

PS 132/23 Inkludering av barn og unge

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Nytt framlegg frå Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF)

Heradstyret får i 2027 ei oppsummering over tildelingar og eventuelle prioriteringar Ungdomsrådet har gjort i perioden.

Votering

Framlegget vert samrøystes vedteke

Innstilling frå formannskapet

Ungdomsrådet får vedtaksrett over prioriteringane mellom ulike søkarar til dei ulike ordningane. Dersom ungdomsrådet sidestiller to ulike prosjekt innanfor same ordning, har kommunedirektør mynde til å prioritere mellom søkarane.

Votering

Framlegget vert samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

Ungdomsrådet får vedtaksrett over prioriteringane mellom ulike søkarar til dei ulike ordningane. Dersom ungdomsrådet sidestiller to ulike prosjekt innanfor same ordning, har kommunedirektør mynde til å prioritere mellom søkarane.

Heradstyret får i 2027 ei oppsummering over tildelingar og eventuelle prioriteringar Ungdomsrådet har gjort i perioden.

PS 133/23 Val av representant til ungdomsrådet for perioden 2023-2027

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Innstilling frå valnemnda

Heradsstyret vel Alexander Thunestvedt som representant og Sebastian Haugland som vararepresentant til ungdomsrådet for perioden 2023-2027.

Votering

Framlegget vert samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

Heradsstyret vel Alexander Thunestvedt som representant og Sebastian Haugland som vararepresentant til ungdomsrådet for perioden 2023-2027.

PS 134/23 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Kommunedirektøren, ved kommunalsjef for samfunnsutvikling, leste opp spørsmål innsendt frå Sigmund Faugstad, FRP, om BØL på Bruvik i forkant av møte, inkludert svar frå kommunedirektøren.

Sigmund Faugstad, FRP, hadde eit oppfølgingsspørsmål.

Kommunedirektøren, ved kommunalsjef for samfunnsutvikling, svarte.

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka

PS 135/23 Tertialrapport - 2. tertial 2023

Handsaming i Heradsstyret - 06.12.2023:

Innstilling frå formannskapet

Tertialrapporten blir tatt til vitande slik den foreligger.

Votering

Framlegget vert samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 06.12.2023:

Tertialrapporten blir tatt til vitande slik den foreligger.

Til å skrive under møteprotokoll saman med ordførar vert desse vald: Gerd Karin Njaastad og Roy Husebø